

## **OPO - TRISTE GREIER** (Versjon 2)

Blar i Hardanger Folkeblad (HF) på nettet, med jevne mellomrom. Abonnerar ikkje. Men har fengje med meg ein god del 'opo-ne' artiklar om elva, og dei fleste bileta, dei siste to-tre åra. Finn det litt leit at ikkje dette 'offentlege' lese-stoffet er fritt tilgjengeleg.

Ein lett provoserande tone er valgt i dette dokumentet, i von om å vekkja engasjement i både/alle leirar, enten ein støttar framleis vern av vassdraget eller etablering av ein flaumtunnel. Litt seint ute med stopp-ordre, innspel/uttale kanskje, men konsesjonavs .....

Må seia det var svært **TRIST** å sjå at verdier gjekk tapt under flaumen i Oktober, 2014.

Minst like **TRIST**, synes eg likevel det er, at **OPO**, som har vorte urettvist handsama i meir enn eit hundre (100) år, mest dei siste 50-60 åra, av sine egne/nærmaste, no kanskje må bøta med livet.

I artiklane eg har lese er det få eller ingen som verkeleg har fokusert på kva som er **årsakene** til dei store skadane, berre registrert **symptoma/effektane**, og sett i gang med nye reparerande haste-tiltak (**brufeste, bru, betong-murar og plastring**). Ein mellombels **STOPP!!!** av desse tiltaka vert føreslege. Medan konsesjonshandsaminga pågår og politikane i Odda får summa seg litt.

Ser langt fleire artiklar/overskrifter i avisa, og tunge rapportar/studier på nettet om ei framtidig, gjennom-regulert elv, i eit elles **VARIG VERNA VASSDRAG**, enn innlegg om at elva **alt** er varig verna. Ein har klart seg utan regulering av **OPO, I EITT HUNDRE (100) INDUSTRI-ÅR**, imponerande, men no plutselig, skal ein regulera stakkars henne, for relativt små 2014-skadar. Paradokset: Folketalet i Odda er minkande og industri-produksjonen er mindre kraftkrevande.

Så kva er meint med at elva er vorte urettvist handsama?

Jau, at **Utbyggjarar** opp gjennom åra er vorte gjevne **Byggjeløyver**, i potensielle flaumsonar, som mest sannsynleg aldri skulle ha vorte gjevne, og at **Forsikringsselskapa** har utstedt poliser for eigedom, der dei aldri burde ha vore selde.

Odda-forfattaren, Frode Grytten, uttalte seg til NRK i November 2014. Hans ord om at ein burde sjå dette i ein større samanheng, at naturen ikkje nødvendigvis raserar, men at det er me som har rasert naturen, stikk enno djupt.

Ved berre å studera nokre få av alle dei bileta/video-ane som ligg ute på nettet og i HF, er det forholdvis lett å sjå, at ting kunne gå gale, slik dei gjorde i 2014, når vatnet fyrst kom.

**Årakene** til skadane ligg i hovudsak i at kommunen var utan flaumsonkart i 2014, og at det hadde vore litt fritt fram for prosjekt mellom Kote 18 og Kote 6, der byggverk er plasserte (alt-) for nær elva, og mange gonger på nivå med elvebakken/-baret (= ingen flaum margin), tomteland er 'erverva' ved å fylla massar ut i elva på dei mest kritiske stadane, bruer er bygde i flukt med elvebakken, med brufeste langt ute i elveleiet, vegar er konstruerte i vasskanten, og nye massar er også fylt ut, for å leia elva 'rundt svingen', rundt strukturane, sume stader. Ikkje bra!

Alle desse relativt **små** menneske-skapte inngrepa har i **sum** mest sannsynleg ført til mange (om ikkje alle) av **fylgje-skadene** ein såg i 2014. **TRISTE GREIER!**

Ikkje rart då kanskje, at det må verta føreslege flaumsikring i **hundre (100) millioners** klassen, for å haste-temma dei **menneske-skapte** kreftene. Midlar som kunne ha vore brukt betre, på anna vis.

Det er vanskeleg å akseptera ordet flaum**SKADE** aleine, i ein slik samanheng.

Ord som Eigen-påført-**SKADE**, Byggeløyve-**SKADE**, og/eller Polise-**SKADE**, **kan like gjerne brukast i same andedrag**. Sjølv sagt fins det også **naturlege** årsaker til skadane.

Store vassmengder.

Desse årsakene har ein imidlertid levd med i **tusen-vis (1000)** av år, **før**, utan at dei har ført til noko nevneverdig **'SKADES'-omfang eller -erstatning**.

**Skade oppstår fyrst når risiko-utsette ressursar er teke i bruk av menneske, og såkalla 'meir'-verdiar må beskyttas/forsikrast.**

**UTAN STRUKTURAR/BYGGVERK, INGEN SKADE.**

Generelt kan det seiast at elve-areal/øyrrer er altfor attraktivt (og billig) som byggeland.

For enkelt **å byggja ned**. Kyrkja har nyleg fengje nye naboar.

Dette gjeld ikkje berre i Odda, i Hordaland, eller i Norge, men er eit verdsvidt problem.

Så det ein treng å gjera no, Odda Kommune, er berre å innføra **umiddelbar** byggjestopp/-forbud (leggjast inn i KPA 2018?); **20 meter** frå dei opphaveleg elveleie-grensene (frå tidleg 1900), på båe sider av elva. Vegetasjonsbelte. Samt byggjeforbud på lågare liggjande areal enn **5 meter over** maks. observert/kalkulert flaum stand (+ 40%). Ingen unntak. Rettsleg bindande. For alle partar.

Vil ein byggja bruer, må brufesta/landkara byggjast vel inne på land (= lengre/dyrare bruer), utan bru-kar i elveleiet, og bruer må ha ei min. boge-form, også av **design** grunnar. **NEI** til vegsystem ved/langs elva. Bestemmer ein seg for plastring, må tilsvarande lausare massar flyttast frå staden, **fyrst**, for så å gjeva plass til steinmassane. Plasting med anleggsveg?

Vert hus/byggverk innanfor desse parameterane, fråflytte av **eksisterande** eigarar, løyser storsamfunnet eigedomane ut. **Generøst**. Med deretter umiddelbar riving. Dette kan i fyrste omgang dreia seg om nokre titals bustadhus, samt nokre få bedrifter. Tidsramme: Ein (1) generasjon. Det er lenge.

**Helst vesentleg kortare!** Eigarane får tilbod om kummunalt tomteland eller kommunale husvære.

I NVE Rapporten: **OPO** og Sandvinvatnet, kraftverk og flomtunnel, på side 16, står det at:

Sandvinvatnet er det største **uregulerte** vatnet i Odda Kommune.

På side 13, i same rapporten står det, derimot, noko overraskande:

etter **endringane i utlaups-osen (innsnevring frå 92m til 70m, tilnærma 25%, er nevnt av andre)**

i Sandvinvatnet har vilkåra for jordbruk på Sandvin og Hildal forverra seg monaleg.

Elvebotnen ovanfor og deler av botnen i sjølve Sandvinvatnet har heva seg med opptil **tre (3) meter**.

Flaumane har vorte meir hyppige og vart lenger.

**Regulert** eller ikkje??? Kven manipulerar og kven avgjer?

Hadde dette verknader nedstrøms i **OPO**? Når vatnet fyrst kom i 2014 (+ i andre år) .....

**Heilt klart. Storer flaummengder frå Buarelvi, Stølselvi og Storelvi renn altfor fort forbi**

**Sandvinvatnet. Ein kan spyrja seg, kor mykje vatn rommar 'basseng-systemet' Sandvinvatnet no, i 2018, samanlikna med i 1979, før endringane i elveosen vart utførte.**

Eksisterande forslag til/argumentering for flaumsikringplan (tunnel) i **OPO** er i beste fall mangelfull.

**ALTERNATIVT FORSLAG**

- **OPO** VERT (IGJEN) STADFESTA SOM EIN DEL AV DET ALT **VARIG VERNA** VASSDRAGET.
- MIDLAR SOM ER TILGJENGELEGE GJENNOM NVE (OPO FORVALTAR) OG ANDRE KJELDER, VERT BRUKT TIL **RESTAURERING** AV **OPO** OVER EIN LANG TIDSPERIODE. KANSKJE LIKE LANG, SOM DEN DET TOK **Å BYGGJA HO NED, EITT HUNDRE (100) ÅR.**
- RASKAST MULIG **REVERSERING** AV ALLE BYGGVERK INNANFOR DEN NEVNT SONEN. START DAG 1 - OG **OPPTIL 30 ÅR.**
- ERSTATNING FOR TO DUSIN BUSTADER, ER F.EKS. BERRE **40.0 MILL.**
- JUSTERING AV TIDLIGARE R13-ENDRINGAR I ELVE-OSEN - + **25%.** **INKLUDERAR RE-FUNDAMENTERING AV VASTUN BRUA. I BEGGE ENDAR.** **ATTENDE TIL TIDLEGARE BREIDDDE - 92m.**
- HVIS GARDBRUKARANE VED SANDVINVATNET VERT SKADELIDANDE (**300 MÅL?**), VED EI FRAMLEIS FRITTFLYTANDE ELV, VIL DESSE VERTA GENERØST KOMPENSERTE. MASSAR (1979-2018) I ELVA/VATNET VERT FJERNA.
- DETTE VERT SAMFUNNSMESSIG **MINST** KOSTESAMT. FOR ODDA, HORDALAND FYLKE OG DEN NORSKE STAT.
- DET VERT HEILT SIKKERT MIDLAR **TILOVERS**, OGSÅ.

I SÅ FALL BYGGJER STATENS VEGVESEN **OM** E134/R13, FRÅ **HILDAL** TIL RETT FORBI ODDA SENTRUM. NY TRASE: VESTSIDA AV SANDVINVATNET VIA STROND OG BUARDALEN/JORDAL, UNDER EIDESÅSEN OG KLUNGERSETENUTEN, TIL EIN STAD LIKE FØR **KALVANESET.**

Totalt 9-10 Km. Derav halvparten i tunnel. 'Korresponderar' trådlaust med Folgefonn tunnelen, Jondalstunnelen og ny bru over H.-fjorden.

**RESULTAT**

Nedre del av ODDA – DALEN (**OPO**-dalen) vert med eitt 'ein tidleg 1900-tals' oase, **igjen.** For fastbuande og vitjande. **OPO**, på ny ein naturleg del av Odda sin identitet.

Grøderikt **L**andbruk. Fin **N**atur. Gode **F**riluftsområder. (= **LNF**)

Godt fiske. Mindre gjennomgangstrafikk. Tilfredse Oddingar. Kva kan ein ynskja seg meir?

Argumenta i dette skrivet ville også like gjerne kunna brukast i samanheng med ferske flaumar i Voss (heimbygd) (sjå Fylkesmannen sin online presentasjon: 700-års flaum i Vossovassdraget), Aurland (Flåm), og Stryn (Utvik) Kommunar. Sikkert også i mange andre Kommunar.

Liknande korrespodanse går til Hardanger Folkeblad, Odda Kommune, NVE, Fylkesmannen i Hordaland, SKL, og radt nokre interessegrupper. Og elles til alle kjente og kjære.

Sett utante-ifrå,

Rune Kvarekvaal **OPO-nent**, mot flaumtunnel

P.t. Alta Loma, CA 91701, USA

